

Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune
SEPTEMBER 2025



Valle bibliotek og Folkeakademiet Valle
inviterer små og store til ei magisk
førestilling:

 KVITEBJØRN KONG VALEMON

 Laurdag 6. september kl. 11.00

 Sæbyggjen, Valle

 Gratis inngang – ope for alle!

Bli med på ei spennande reise inn i
eventyret om Kvitebjørn Kong Valemon –
ei varm og vakker forteljing for heile
familien.



HANDARBEIDSKVELD

Onsdagar kl. 18.00 - 21.00 på husfliden i Valle.
Alle er hjarteleg velkomne. Te og kaffi. Ta med
eiget handarbeid.

Datoar med stjerne (*) blir det og mogleg
å lære seg å krulle.

Datoar haust 2025

10/9 - 24/9* - 8/10 - 22/10*

5/11 - 19/11* - 3/12

Onsdagskafeen i september

3. september - Førehandsrøysting

10. September - Sosialt samvær

17. September - Andakt

24. September - Sosialt samvær

1.oktober - Rock around the clock
(Sjå eige skriv)

Onsdagskafeen er frå
kl. 10.30 til kl. 14.00.

Her er det og mogleg å kjøpe seg
middag for ein billig penge.





Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

Kommunalt utdanningsstipend

Personar som er folkeregistrerte i Valle og tek godkjent utdanning på heiltid, kan søkje om kommunalt utdanningsstipend.

Stipendet er på kr 9 000 for eit fullt skuleår, og kr 4 500 for eitt semester.

Du kan få stipend inntil åtte gonger, og det er inga aldersgrense. Lærlingar kan søkje for sitt første læreår.

Søknadsfristen er **1. oktober** for haustsemester og fullt år. Du søker elektronisk med BankID via kommunen si nettside.

Meir informasjon finn du på Valle kommune sine heimesider - **Tenester - Barn, skule og familie - Kommunalt utdanningsstipend.**

Flyktningtenesta informerer

Vi inviterer arbeidsgjevarar, flyktningar og andre aktørar til ei samling med fokus på arbeid og inkludering.

Stad: Sæbyggjen

Tid: Torsdag 23. september kl. 17:00–20:00

Programmet inneheld innlegg frå:

- NAV
- Representantar frå Valle og Bykle kommune
- Arbeidsgjevarar
- Flyktningar som bur i området og vil dele sine erfaringar

Dette er ein god moglegheit til å møtast, dele erfaringar og bygge nettverk for å styrke inkludering og deltaking i arbeidslivet i lokalsamfunnet.

Påmelding på e-post til **birgit.ketilsdotter.homme.harstad@valle.kommune.no** innan **19.september**.

**Førehandsrøysting på kommunehuset
laurdag 30. august frå kl. 10.00 - 14.00**

Informasjon om røysting heimefrå:

Personar som ikkje kjem seg til røystelokalet for å røyste kan få røyste heime. Frist for å søkje om å få røyste heime er 04.09.2025 innan kl.

12:00. Søknad kan sendast Valstyret i Valle, postboks 4, 4746 Valle. Du kan og søkje ved å sende e-post til

gunn.marith.homme@valle.kommune.no eller ringe **918 37 000**. Sjå eiga informasjonsside lenger bak i bladet.

Kultur og fritid informerer

Språkkaféen startar opp att!

Torsdag 4. september kl. 18.00 startar språkkaféen opp att, og me gler oss til å sjå både gamle og nye fjes! Her kan du slå av ein prat, drikke te eller kaffi, og få noko godt å bite i.

Me håpar spesielt at fleire norske menn vil kome – det betyr mykje for dei nye innbyggjarane å få snakke med folk som bur her frå før.

Du treng ikkje kunne noko spesielt, og det er inga påmelding. Det einaste me ønskjer, er at du har lyst til å bli kjend med nye folk og ha det hyggeleg saman.

Språkkafeen møtes kl. 18.00 kvar torsdag
Velkomen!

Biblioteket si opningstid

Måndag - onsdag: 11. 00 - 16.00
Torsdag: 11.00 - 17.00
Fredag: 11.00 - 15.00

**Frist for innsending til Bygdenytt
for oktober er 20. september.**



Stortingsvalet 2025

Det vert førehandstemming på dagsenteret onsdag
3. september kl. 11.00 – 13.00.

Dersom du ikkje har høve å møte i vallokalet kan du
be om at vi kjem heim til deg.

Kven kan stemme heime?

Dersom du på grunn av sjukdom eller funksjonsnedsetjing ikkje kan møte opp i eit vallokale, kan du søkje om å få stemme heime eller der du oppheld deg.

Slik søker du

- Ta kontakt med kommunen – du kan ringe valansvarleg Gunn Marith Homme på telefon 91837000 eller sei frå til heimesjukepleien.
- Du treng ikkje sende skriftleg søknad.
- Forklar kvifor du ønskjer å stemme heime. Du treng ikkje dokumentasjon.

Søknadsfrist

 **Torsdag 4. september kl. 12.00**

Valet er hemmeleg. Du beheld stemmesedlane du ikkje brukar, eller vi tek dei med oss og makulerer dei.

Treng du hjelp?

Valmedarbeidaren kan forklare rutinen og hjelpe deg.
Du kan også få hjelp av ein person du sjølv vel.

 **Hugs:** Alle som hjelper deg har teieplikt.



BABYSONG - MUSIKK I BYRJINGA AV LIVET

Onsdag kl. 1230-1300 i Sæbyggjen

Vi ønskjer deg og babyen din velkomne til koseleg musikkstund!

Ved Anna Slaby Driel, tlf. 467 89 532.

Arr. Kultur og fritid, Valle kulturskule



SONG FOR ALLE

Onsdagar
kl. 1630-1730
i Sæbyggjen

**Hjarteleg velkomne til uformell allsongstund
for vaksne som liker å synge!**

Anna Slaby Driel leiar songen, vi syng med den stemmen vi har!

Arr. Kultur og fritid ved Valle kulturskule



Nomeland bedehus

Viggo Wilhemsens:

Fredag 5. september kl. 19.00.

Laurdag 6. september kl. 19.00.

Sundag 7. september kl. 11.00.

Tre kveldar om bibelsyn:

Arne Inge Vålandsmyr:

Tysdag 16. september kl. 19.00.

Onsdag 17. september kl. 19.00.

Alf Halvorsen:

Torsdag 18. september kl. 19.00.



Torstein Landås:

Tysdag 23. september kl. 19.00.

Torstein Landås er 20 år og kjem frå Iveland. Han vil på bibelmøte forkynne frå romarbrevet.

VALLE RADIO

Onsdagssendingane startar 10. september.

Kommunestyremøta på dagtid vil bli sendt i reprise same kvelden frå kl. 18.

Vi over 60

Skafsåheii Fjellkyrkje

Onsdag 3. sept. Kl. 1200

Velkomen til eit hyggeleg
treff der gjestene våre er

Herdis og Øyvind Jørgensen

Dei vil dele tankar og songar frå
deira ungdomstid på ein frisk og
engasjerande måte.

Fellessong og litt underhaldning

Lapskaus, kaffi og kake kr. 225,-

Påmelding innan 27. august til
Tahar Haddad tlf. 95106156 eller
Gunstein Seltveit tlf. 90170465

Arr: Fjellkyrkjelaget og Dalen pensjonistlag

KYRKJA I SEPTEMBER

Gudstenester

Hylestad kyrkje

Sundag 14. september kl. 11.00.

Hausthakkefest

Valle kyrkje

Sundag 28. september kl. 16.00.

Sorggruppevandring for deg som har mista ektefelle eller foreldre ved Hovstøyl turisthytte i Fyresdal. Vandringa varer frå fredag 24. til laurdag 25. oktober.

Kontakt: Eiliv Eirikstein. Prostdiakon i Vest-telemark. Mobil: 922 13 580.

Konsert i Bykle kyrkje laurdag 6. september kl. 15.00. Renate Aasen og Eirik Hodnemyr m. trio

Salmekveld i Bykle kyrkje tysdag 30. september kl. 19.00. med Kristina Grundetjern og Eirik Hodnemyr.

Andakt på Valle bygdeheim onsdag 17. september kl. 11.00

Temakveld i kyrkjestoga

Med ord, toner og kveldsmat. Onsdag 17. september kl. 19.00 med Anne Landsverk Johnsen og Ingebjørg Torjussen.

Tema: Vegar til større fridom. Sjølvbilete og Gudsbilete i endring. Om å øve oss i å tale sanninga om livet. Det vert små stopp undervegs med bilete og musikk, som gjev rom for ettertanke.

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle,

tlf. 977 84 706,

e-post: post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda



KREFTFORENINGENS MANNEDAG 2025 - FOR KREFTRAMMEDE MENN I AGDER

Kreftforeningen inviterer menn i alle aldre som har – eller har hatt – kreft til en innholdsrik, uformell og sosial dag på Luftforsvarets Skolesenter Kjevik.

Det blir foredrag, aktiviteter, god mat og mulighet for å møte andre menn med lignende erfaringer. Enten du ønsker å delta aktivt, slå av en prat, eller bare nyte en kopp kaffe – er du varmt velkommen. Arrangementet er gratis.



▼ Luftforsvarets Skolesenter Kjevik, Kristiansand

📅 Lørdag 27. september

🕒 10.00 - 16.00

PROGRAM:

10.00 - 10.15: Velkommen

10.15 - 11.00: «Et liv etter kreft: Hvordan bevare og styrke din seksuelle helse»

v/sexolog Wenche Haaland

11.00 - 11.30: "Hva skjer i luftforsvaret nå?"

v/Bjarne Solberg, Luftforsvarets Skolesenter Kjevik

11.30 - 12.30: Lunsj

12.30 - 15.30: Aktiviteter

15.30 - 16.00: Avslutning m/mingling og snacks

Scan QR-koden for mer informasjon & påmelding



KREFTFORENINGEN
TIL FOR DEG

PÅRØRENDESKOLEN i Setesdal

Kurs for pårørende til personer med demens eller hukommelsesproblemer

Tirsdager i oktober 2025

Hva er pårørendeskolen?

Pårørendeskolen er et gratis kursstilbud til deg som har et familiemedlem eller en nær venn som har hukommelsesproblemer/ eller en kjent demenssykdom.

Hva inneholder kurset?

1.samling, 7 okt.:

De ulike demenssykdommene v/Halvard Mosdøl
Utfordrende adferd v/Bjørn Harald Hagen

2.samling, 14 okt.:

Praktiske utfordringer i hverdagen -Tekniske hjelpemidler v/Elisabeth Storsveen
Brannsikkerhet for risikoutsatte grupe - hva vi som pårørende bør ha fokus på og kan hjelpe med
Setesdal brannvesen IKS v/ Ole A. Petersen

3.samling, 21 okt.:

Kommunikasjon og samhandling v/ Monica Reiersølmoen Vigre
Bruk av musikk i demensomsorgen. Aktiviteter vi kan gjøre sammen v/Katrine Homdrum

4.samling, 28 okt.:

En pårørende forteller v/Siren Bakke Winjor
Tilbud i kommunen. Hvordan søke om hjelp? v/Britt Enny Haugland

Praktiske opplysninger

Fysisk oppmøte i Bykle helsesenter, eller i LMT Eyje sine lokaler i Sentrumsbygget
Kurskvelder fra kl. 18.00 til 21.00
Siste påmeldingsfrist: 1 oktober 2025

Påmelding

Navn: Signe Telhaug – Koordinator i Hukommelsesteamet
Telefon: 945 20 970
E-post: signe.telhaug@e-h.kommune.no

Pårørendeskolen er et interkommunalt samarbeid mellom kommunene i Bykle, Valle, Bygland, Eyde & Hornes og Åseral

valle vaksenkor ønskjer velkommen til

ny øvingshaust!

Laurdag 6. desember gjentek vi suksessen og vil samle bygdefolk til gratis jolekonsert i Valle kyrkje. Ønskjer du å vere med å skape magisk jolestemning i mørketida?

Det blir øving i Kyrkjestoga/Sæbyggjen desse datoane:

- ❖ Tysdag 9. 9 klokka 18.00-20.00
- ❖ Tysdag 23.9 klokka 18.00-20.00
- ❖ Tysdag 7.10 klokka 18.00-20.00
- ❖ Tysdag 21.10 klokka 18.00-20.00
- ❖ Tysdag 04.11 klokka 18.00-20.00
- ❖ Laurdag 08.11 klokka 10.00-14.00 (med lunsjpause)
- ❖ Tysdag 18.11 klokka 18.00-20.00
- ❖ Onsdag 3.12 klokka 17.00 (generalprøve)

Vi ønskjer ALLE songglade vaksne hjarteleg velkomne til å bli med! Om du vil melde deg på eller har spørsmål kan du ta kontakt med Synne Viki (91809062).

Hjarteleg helsing Maija (dirigent), Anna (dirigent), Sigbjørg, Torunn Charlotte og Synne (styret i Valle vaksenkor)

Sit du med ein draum om å delta med ditt eige innslag under jolekonserten? Då vil vi høyre frå deg!



VALLE BYGDEHEIM
ONSDAG 1.OKTOBER
Kl. 13.00



Gled deg til ein humørfyllt konsert med mange kjente svisker!

Tor Henning Olsen og Joachim Olsen tek oss med tilbake til 50- og 60-talet! Med gitarar, perkusjon og sine egne stemmar byr dei på slagerar som har prega dei fleste som har levd en stund. Her er kjente melodiar frå artistar som Elvis, Cliff Richard, Roy Orbison, The Everly Brothers, Sven Ingvars, Buddy Holly, The Beatles og mange andre.

LET'S ROCK AROUND THE CLOCK!

Onsdagskafé frå kl. 1030. Gratis inngang, alle velkomne!

Arr. Valle kommune

Vi er ope!

1. SEPTEMBER - 1. OKTOBER
MÅNDAG - FREDAG
10:00-15:00

SETESDALSMUSEET PÅ
RYSSAD

Setesdalsmuseet



HAUSTPROGRAM PÅ
SETESDALSMUSEET

30. AUGUST
LISLEFARMEN PÅ BYGLAND TUN
11:00-17:00

Barneaktivitet med Setesdalsmuseet
Lag ein magisk skjoldmøypose
Bygland museum er ope, og har fri inngong heile dagen

6. SEPTEMBER
BYKLEDAGEN - LISLESTOG
KL. 11:00-15:00

Barneaktivitet med Setesdalsmuseet
Lag ein magisk skjoldmøypose
Masse andre aktiviteter

1. OKTOBER
HAUSTFERIEVERKSTAD PÅ
SETESDALSMUSEET
10:00-14:00

Lage haustkransar, rebus og vaflar
Verkstad gratis for barn, 150,- for vaksne
Fri inngong på museet

Setesdalsmuseet



SØLVGARDEN
12. SEPT KL 19.00

OPE MØTE I SETESDAL SPELEMANNSLAG

- Oppsummering Setesdal
Folkemusikkfestival 2025

- Gjennomgang av rapport
frå Telemarksforskning:
"Sterke strukturer, svak
synlighet"

21.00
KVEDARPUB

KIRSTEN BRÅTEN BERG
OG LOKALE KVEDARAR



Valle Allidrettsklubb

Allidretten startar opp att for hausten og den første samlinga er i Vallehalli fredag 5. september kl. 19.00 - 22.00.

Alle ungdomar frå 8. klasse og oppover er hjarteleg velkomne til aktivitetar i hallen, kiosksal og andakt ved Jon Aarsland!



VALLE BRUKTBUTIKK

Valle bruktbutikk har dei siste åra vore i stand til å dele ut støtte til mange gode føremål i Valle kommune.

I 2025 vart vi einige om at vi gjerne vil ha søknader som retter seg mot aktivitetar for born og unge. Ein kan søke om opp til 30 000 kr.

Vi oppfordrar likevel andre og til å søke, sjølv om det ikkje gjeld born og unge!

Førehandsrøysting

Du kan førehandsrøyste kvar dag på
kommunehuset frå 08.00 – 15.00.

Utvida opningstider:

Kommunehuset: Laurdag 30.8
frå 10.00 – 14.00

Bygdeheimen: Onsdag 3.9
Kl. 11.00 – 13.00

Soknehuset: Torsdag 4.9
Kl. 15.00 – 18.00

Valdagen 8. september

Kommunehuset:
Kl. 08.00 – 18.00

Soknehuset:
Kl. 09.00 – 18.00



Kursplan haust 2025

Medlem i Valle- og Hylestad bygdekvinnelag, Bondelaget eller Skogeigarlaget betalar 40 kr. pr. kurstime medan andre betalar 60 kr.pr. kurstime. For å betale medlemspris må ein personleg vere innmeldt i eit av desse laga innan kursstart.For alle kursa gjeld det at deltakarane må ha fylt 14 år i løpet av 2025.



DETTE ER DEI KURSA DER DET FRAMLEIS ER LEDIGE PLASSAR, MEN VER RASK HVIS DU VIL MELDE DEG PÅ !!!!

Kurs:	Innhald:	Lærar:	Tidspunkt og stad:	Pris og påmelding:
Tevlingjure 50 timar 	Veve tevlingjure på flatvev	Karin Bøe	Oppstart torsdag 4.sept. Kl.17-22 Venemold	Kr.2000/3000 + materiell Maks 6 stk. (dersom det er 6 ledige vevstolar) Påmelding til Kristine Jore innan 15.aug.
Bakekurs  10 timar	Bake lefse og braud. 2.laurdagen kan ein velgje sjølv kva ein vil bake. Til dømes eplekaker eller hardangerlefser.	Anna Rysstad og Inger Liv Rysstad	Laurdag 11.okt. og 18. okt. Kl.10-15 I bakekjellaren på Valle skule	Kr.400/600 + tilfang Maks 8 stk. Påmelding til Ingunn A. Bratteland innan 15.sept. Ved stor pågong vert det sett opp ekstra kurs tvo laurdagar i november
Jolekuler  6 timar	Strikke jolekuler i ulike størrelsar	Marianne Solbakk Lye	Onsdag 5.nov. og 12.nov. Kl.18-21 Husfliden	Kr.240/360 + materiell Maks 10 stk. Påmelding til Ingunn A. Bratteland innan 15.okt.

Kontaktpersonar til kursa: _____ Ingunn Anette Bratteland: tlf.997 14073, e-post: ingunn73@hotmail.com

Kristine Jore: tlf. 482 03216, e-post: kristinejore66@gmail.com

- Kursa må ha minimum 5 påmelde for at dei vert sett i gong.
- Kursa skal betalast på vipps til kontaktpersonen fyrste kurskvelden
- Lengre kurs som går over to semester skal betalast i to omgonger. Halve kurset på hausten og halve på våren.
- Me er også på Facebook :»Studieforbundet kultur og tradisjon Valle«

Kan du tenkje deg å bli besøksven i Valle?

Har du lyst å gje litt av di tid for nokon som treng det, slå av ein prat, ta ein kopp kaffi eller gå ein liten tur saman? Det er mange moglegheiter og diakonitvalet i Valle ønskjer med denne tenesta å leggje til rette for eit lokalsamfunn som tek vare på kvarandre.



*Dersom dette er
noko for deg, kan
du kontakte
Astrid Nomeland
på mob. 91148355
eller på email:
[astridnomeland@
hotmail.com](mailto:astridnomeland@hotmail.com)*

Besøksstenesta i Valle

*Invitasjon til alle som ønskjer besøk.
Uforpliktende og for alle aldrar*

*Eller kjenner du nokon som kan tenkje seg å få
besøk?*



*Kontakt
Astrid Nomeland på
mob. 911 48 355
eller på mail :
astridnomeland@hotmail.com
Arr. Diakonitvalet*



Bygdekinoen

Måndag 1. september



Kl. 1700 - 6 år. Barske bøller 2

Herr Ulv, Sir Slange, Don Piraja, Mister Hai og Netti er endelig tilbake, no snillare enn nokon gong. Likevel slit gjengen med å byggje tillit og aksept i sine nye liv som ærlege borgarar, og dei blir tvinga tilbake til gamle kunstar for «eit siste oppdrag» av ein kriminell jentebande.

Men har dei det i seg å gjennomføre ein slu plan igjen?



Kl. 1900 - 9 år. Ingen kommentar

Når du er statsminister og oppdagar at mannen din har rota det skikkeleg til, er det ikkje nok å kaste han under bussen. Med mindre vi snakkar leddbuss. Det er i alle fall strategien statsminister Alma Solvik, saman med sin skandaleomstuste og korrupsjonstiltalte spinn-doktor Karianne Moen, tyr til når statsminister-gemal Sondre Bortnes blir teken på fersken som aksjespekulant. I møte med skuldingar om innsidehandel og inhabilitet blir «Sondre er syndaren» mantraet alle i partiet må gjenta.

Måndag 15. september

Kl. 1700 - Film kjem

Kl. 1900 - Film kjem

Kjøp gjerne kinobillett på

www.bygdekinoen.no. Der finn du også info om komande filmar.

Film er best på kino - støtt din lokale kino!

Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!

Kva skjer? Aktivitetskalenderen - Valle kommune

01.09.
Kl. 17/19.



Bygdekinoen

03.09.

Kl. 18

Førehandsrøysting, Valle bygdeheim

03.09.

Kl. 12.

Vi over 60, Skafsåheii fjellkyrkje

04.09

Kl. 18

Førehandsrøysting, Hylestad soknehus

05/06/09.

Kl. 19

Viggo Wilhelmsen, Nomeland bedehus

06.09.

Kl. 11.

Førestilling kvitebjørn kong Valemon, Sæbyggjen

06.09.

Kl. 11.

Bykledagen, Lislestog

07.09.

Kl. 11.

Viggo Wilhelmsen, Nomeland bedehus

12.09

kl. 19

Ope møte i Setesdal spelemannslag, Sølvgarden hotell

14.09.

Kl. 11

Gudsteneste og hausthakkefest, Hylestad Kyrkje

15.09.

Kl. 17/19.



Bygdekinoen

16/17.09

Kl. 19.

Arne Inge Vålandsmyr, Nomeland bedehus

17.09.

Kl. 19.

Temakveld med ord, toner og kveldsmat, Sæbyggjen

18.09.

Kl. 19.

Alf Halvorsen Bibelsyn, Nomeland bedehus

23.09.

Kl. 19.

Torstein Landås, Nomeland bedehus

24.09.

Kl. 1030.

Onsdagskafeen, Valle bygdeheim

23.09.

Kl. 17.

Samling for flyktningar og arbeidsgjevarar i Valle og Bykle Kommune, Sæbyggjen

28.09.

Kl.16.

Gudsteneste, Valle kyrkje

01.10

Kl. 10

Haustferieverkstad på Setesdalsmuseet, Bjugsbakk

01.10.

Kl. 13

Rock around the clock, Valle bygdeheim

Frist for innsending til Bygdenytt for oktober er 20. september.